

Til Olje- og energidepartementet og Miljøverndepartementet

HØYRING OM DIREKTIV OM LAGRING AV CO₂

Kommentarar frå CICERO Senter for klimaforskning

CICERO viser til brev av 10. juli 2008 frå Olje- og energidepartementet og Miljøverndepartementet om høyring i samband med EU-direktivet om lagring av CO₂ (Proposal for a directive of the European Parliament and of the Council on the geological storage of carbon dioxide; COM(2008) 18 final), og legg med dette fram sine kommentarar.

Hovudintrykket er at direktivet er utforma på ein god og føremålstenleg måte. Vi har likevel nokre kritiske kommentarar til det direktivet som EU har foreslått.

1. Oppdage lekkasjar.

I Art. 18.5 står det at overvakinga av ein lagringsplass (etter at lagringsfasen er avslutta) kan stoppe etter at ansvaret har blitt overført til den kompetente styresmakta. Overvaking skal starte opp på nytt dersom irregulære forhold blir oppdaga. Men korleis kan lekkasjar og andre avvik bli oppdaga dersom overvakinga er stoppa? Løysinga er å ha ei kontinuerleg overvaking i lang tid. Etter ei viss tid kan intervallet mellom kontrollane bli lenger.

2. Signifikant risiko for lekkasje og negative konsekvensar for miljø og helse.

I Art. 4.2 står det at ein lagringsplass kan bli valt dersom det er ingen signifikant risiko for lekkasje og ingen signifikante negative konsekvensar for miljø og helse. Her er det behov for å definere "signifikant risiko" og "signifikante negative konsekvensar" nærare.

3. Korreksjonstiltak.

I Art. 9 og 16 blir korreksjonstiltak ved lekkasje nemnt og at ein plan for slike tiltak skal godkjennast på førehand. Her ville det vere bra å nemne dei viktigaste generelle korreksjonstiltaka som er aktuelle å bruke. Alle typar mogelege tiltak er ikkje nødvendigvis like attraktive for den kompetente nasjonale styresmakt eller for EU. Vil det til dømes vere godt nok å kompensere ved kvotekjøp i EU ETS (jamfør punkt 23 i bakgrunnsteksten i direktivet). Ulike korreksjonstiltak kan vere aktuelle dersom lekkasjen skjer etter 10 år i forhold til etter for eksempel 50 år.

4. Straff.

Art. 26 opnar for at medlemsstatane innfører ulike straffereglar ved brot på direktivet. Problemet med ei slik løysing er at den kan føre til ulike straffenivå i ulike medlemsstatar og dermed verke "konkurranssevridande" mellom land ved valet av lagringsplassar.

5. Perfekt lagring.

Art. 18.1 viser til at ansvaret for ein lagerplass kan overførast til den kompetente nasjonale styresmakt etter at all tilgjengeleg informasjon ('evidence') indikerer at lagra CO₂ vil bli perfekt lagra for all framtid. Det er ikkje mogeleg å vere sikker på eller garantere at all CO₂ blir perfekt lagra ('completely contained') i all framtid ('indefinite future'). Difor treng denne paragrafen ein utfyllande regel som kan gjere dette vilkåret operasjonelt.

6. Ledig kapasitet i nettverk for transport.

Art. 20 slår fast at operatøren av eit transportnettverk ikkje kan nekte lagringsoperatørar tilgang til nettverket så lenge det er ledig kapasitet. Dette skal sikre ein effektiv bruk av nettverket og at transportoperatøren ikkje kan utnytte sin posisjon. Ei utfordring ved denne løysinga er å sjekke om det er ledig kapasitet dersom transportoperatøren hevdar at kapasiteten er fullt utnytta. Korleis kan den kompetente nasjonale styresmakt sikre at transportnettverket i eit slikt tilfelle verkeleg manglar kapasitet?


Signatur

Dato



Kjell Arne Hagen

Fungerande direktør, CICERO



Asbjørn Torvanger

Seniorforskar, CICERO

28.8.2008